

# OMTALE ÅRSRAPPORT 2020, VEST POLITIDISTRIKT

Oversikta presenterer resultatene for Vest politidistrikt i 2020 innan kriminalitetsutviklinga og straffesakshandsaminga til politiet.

Dei ulike resultatene knytt til politiet sin operative innsats, forvaltning, sivil rettspleie og trafikk er også omtala.

Innleiing	Hovudtal kriminalitetsutviklinga						2020	27 117	Som ein ser av tala og grafen til høgre har talet på melde lovbrøt i Vest politidistrikt hatt ein svak, men jamn nedgang i åra 2016 - 2019. Frå 2019 til 2020 har det vore ein kraftig nedgang på heile 11 % samanlikna med 2019. Talet på melde lovbrøt i 2020 er det lågaste nivået i femårsperioden. Sjølv om den registrerte kriminaliteten går kraftig ned, har vi samstundes kunnskap om at det er ei rekke kriminalitetsformer som ikkje visast i den kriminaliteten som blir meldt til politiet. Koronapandemien med utbrot i mars 2020 har truleg påverka utviklinga av kriminalitetsbiletet i 2020 og ein generell nedgang i melde lovbrøt. Det vart frå myndighetene iverksett strenge restriksjonar, nedstenging og andre smitteverntiltak som begrensa individ sine sosiale- og fysiske distanse/kontakt. Mange arbeidstakarar, studentar og skuleelevar måtte ta i bruk digitale- verktøy og arbeidsflater for å kunna utføra sitt arbeide, studie og skulearbeid frå "heimekontora" sine. Den auka bruken av digitale verktøy og arbeidsflater for alle aldersgrupper gjer oss meir sårbare for kriminaliteten i det digitale rom, som berre aukar i omfang. Her kan alle bli råka, uavhengig av alder, ressursar eller geografi. Kriminaliteten utført på nett vert i mindre grad meldt til politiet og går igjen i nær alle dei omhandla kriminalitetstypene. Vinning utgjer den klart største delen av melde saker, og reduksjonen i melde vinningsaker er fortsatt ei av hovudårsakene til at den registrerte kriminaliteten går ned. Vi gjer merksam på at det for fleire av dei mest alvorlege kriminalitetstypene ikkje har vore registrert tilsvarande nedgang, men i nokre tilfelle ei auke i den same perioden. Til slutt finn vi grunn til å nemne at det i perioden 2016-2020 har vore ei auke med 92% i tal på psykiatrioppdrag registrert i politiet sin operasjonslogg. Det er ei sterk auke i tal på unike personar som er omhandla i psykiatrioppdraga, men også mange personar som er gjengangarar (det vil seie at dei er omhandla fleire ganger innan denne type oppdrag per år). I 2016 var det 34 unike personar som var omhandla 5 eller fleire ganger i løpet av året. I 2020 har dette talet auka til 112 personar.
	2016	2017	2018	2019	2020				
	33 354	32 438	30 947	30 576	27 117				
Resultatområde	Krav	Resultat					Omtale av resultat/statistikk		Vurdering av etterleving
Lovbrøt etter kriminalitetstypar		2016	2017	2018	2019	2020			
Økonomisk kriminalitet		2 297	2 260	2 237	2 376	1 926	Det har vore ei relativ stor endring i den registrerte økonomiske kriminaliteten frå 2019 til 2020. Totalt blei det i 2020 registrert 1 926 saker, mot 2 376 saker i 2019. Dette er ein nedgang på 19 %. Sidan 2016 har økonomisk kriminalitet gått ned med omlag 16 %.		
Vinningskriminalitet		10 934	10 102	9 382	9 800	7 811	Det har for 2020 vore ein kraftig nedgang i vinningskriminaliteten. Totalt blei det i 2020 registrert 7 811 vinningslovbrøt, mot 9 800 saker i 2019. Dette er ein nedgang på 20 %. Sidan 2016 har vinningskriminaliteten gått ned med omlag 29 %. Sjølv om endringa i statistikkgrupper i 2015 spelar inn, er det utan tvil ein nedgang i vinningskriminaliteten. Tjuverier frå personar i det offentlege rom har vore omtala i fleire år som eit av dei største problemområda innan vinningslovbrøta. For 2020 blei det registrert 268 saker som omhandla tjuveri frå personar i det offentlege rom, mot 388 saker i 2019. Dette er ein nedgang på 31 %. I 2020 blei det registrert 438 saker på tjuveri og grove tjuveri i politidistriktet, mot 572 saker i 2019. Dette er ein nedgang på omlag 23 %. Talet på ran og utpressingssaker har vore kraftig redusert dei siste åra, men for 2020 ser vi ein kraftig vekst i tal på ran. Det er for 2020 registrert 79 ran, mot 52 i 2019. Dette er ei auke på omlag 52 %. Utpressingssaker er stabilt lågt med totalt 24 saker registrert i 2020. Ein ser at utpressing via internett er ein aktivitet som for 2019 også er like aktuell for 2020. Dei fleste rana skjer i Bergen sentrum, og den store auka finn vi hovudsakleg har skjedd av- og i ungdomsmiljøa.		
Valdskriminalitet									
Vald		3 193	3 101	2 958	3 104	2 655	Det har vore ein nedgang i talet på valdslovbrøt i 2020 samanlikna med 2019. Totalt blei det i 2020 registrert 2 655 saker, mot 3 104 saker i 2019. Dette er ein nedgang på omlag 14%. Sidan 2016 har Valdskriminaliteten gått ned med omlag 17%.		
Kroppskrenking		1 291	1 252	1 172	1 251	1 036	Det har vore ein nedgang i talet på både kroppskrenkingar og den grovaste valden (kroppsskade) frå 2019 til 2020.		
Kroppsskade		226	197	182	213	193			
Truslar		617	572	575	599	533	Talet på lovbrøt mot personleg fridom (truslar) har hatt ein nedgang frå 2019 til 2020, men ei jamn auke i saker som gjeld grove truslar, samt truslar med kniv/skytevåpen i perioden 2016-2020.		
Grove truslar, samt truslar med kniv og skytevåpen		88	98	92	105	115			
Menneskehandel, prostitusjon		1	3	3	1	2	I 2020 er det som for 2019 registrert tre saker som gjeld menneskehandel til prostitusjon og tvangsarbeid.		
Menneskehandel, tvangsarbeid		0	2	0	2	1			
Vald og truslar mot off. tenestemann		131	133	138	167	172	Talet på melde saker som gjeld truslar, forulemping og hindring viser ein nedgang frå 2019 til 2020. Talet på melde saker som gjeld vald mot offentlig tenestemann viser ein auke frå 2019 til 2020.		
Truslar, forulemping, hindring		396	353	321	359	250	Det er for 2020 registrert 172 saker mot 167 saker i 2019.		
Vald i nære relasjonar		306	314	344	284	285	I saker som gjeld vald i nære relasjonar, strl. §§ 282 og 283 (tidligere § 219), er talet på melde lovbrøt fortsatt lavt i forhold til at det i 2018 var registrerte 344 saker, mot 284 i 2019 og 285 saker i 2020. Det er ønskeleg å avdekkja så mange som mogleg av sakene i denne kategorien. Vi trur at mange av desse sakene fortsatt ikkje blir meldt til politiet, og at tala truleg er høgare enn opplyst her.		
Drap		2	1	2	8	5	I 2019 blei det registrert 8 drap i Vest politidistrikt, det er like mange drap som registrert for perioden 2014-2018 til saman. Talet på antal drap er fortsatt høgt med 5 registrerte drap i Vest politidistrikt i 2020. Alle dei sikta er menn, av dei sikta er det ein som ikkje har norsk statsborgarskap. Av ofra er 4 kvinner og 1 mann. Fleire av dei sikta knytt til drap og drapsforsøk har ein historikk innan psykiatri eller annan kriminalitet. Grafen viser utviklinga i antal psykiatrioppdrag 2016-2020.		
Drap, forsøk		3	4	1	2	4			

Hatkriminalitet		29	29	43	78	65	Definisjonen av hatkriminalitet legg til grunn motivet bak den straffbare handlinga. Lovbrota som blir koda som hatkriminalitet kan difor sortere under fleire kriminalitetstypar. Det vanlegaste er annan kriminalitet og deretter vald og truslar. Talet på melde saker kan bli påverka av feilregistrering og underrapportering i politiets registre, dels fordi politiet sjølv ikkje er god nok på registrering, men også fordi ein stor del av kriminaliteten ikkje meldast til politiet. Den registrerte auka på heile 168,9 % sidan 2017 kan skuldast betre rutiner for registrering hjå politiet, at fleire vel å melde lovbrota, at den faktiske kriminaliteten har auka eller ein kombinasjon av desse årsakene. Det vart i 2020 gjort ei gjennomlesing og utarbeida ein rapport for den melde hatkriminaliteten i 2019. Gjennomlesinga viser at det truleg er ein kombinasjon av alle dei nemnde årsakene. Vi gjer merksam på at talet held seg relativt høgt for 2020 med 65 registrerte saker, mot 78 saker i 2019.		
	<b>Seksuallovbrot</b>								
	Sedskap		821	1 040	881	748	745	Talet på melde seksuallovbrot i 2020 er 745 saker, mot 748 saker i 2019. Talet på melde saker er det lågaste dei siste fem åra.	
	Valdtekt		175	201	171	152	174	Det blei registrert 174 valdtektssaker i 2020 mot 152 saker i 2019, ein auke på omlag 14%. Talet inkluderer også forsøk på valdtekt. Det er berre i 2017 registrert fleire saker for den siste femårsperioden.	
	Seksuelle overgrep mot barn		250	408	332	274	288	Det er også ein auke i talet på saker som gjeld seksuelle overgrep mot barn i 2020 samanlikna med året før. Dette gjeld barn i alle definerte aldersgrupper: under 16 år, under 14 år og under 10 år. For desse gruppene blei det registrert 288 saker i 2020 mot 274 i 2019, ein auke på 5%.	
	Tilrettelagde avhør				528	609	620	Talet på gjennomførte tilrettelagde avhør av barn og personar med psykisk utviklingshemming i Vest politidistrikt har hatt ei svak auke på 1,8% i 2020. I 2020 blei det totalt gjennomført 620 tilrettelagde avhør, mot 609 i 2019.	
<b>Narkotikakriminalitet</b>									
Narkotika		3 214	3 483	3 286	2 583	2 381	Etter fleire år med eit høgt tal på narkotikalovbrot har vi dei siste åra sett ein betydeleg nedgang. I 2020 blei det registrert 2 381 narkotikasaker mot 2 583 saker i 2019, ein nedgang på 8%, det lågaste talet i siste femårsperiode. Ein reduksjon eller auke i meld narkotikakriminalitet gir ingen haldepunkt for å seie at det er færre eller fleire som sel eller bruker narkotika i politidistriktet. Talet på narkotikasaker er avhengig av kontrollnivået til politiet og tollvesenet. Det inneber at det er kontrollnivået som i stor grad bestemmer talet på melde narkotikasaker, meir enn den faktiske narkotikasituasjonen.		
<b>Politiet si straffesakshandsaming</b>		<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>			
<b>Talet på påtaleavgjorde</b>									
Påtaleavgjorde lovbrota		33 798	32 225	33 532	30 880	28 399	Talet på påtaleavgjorde lovbrota i 2020 er 28 399, noko som er ein nedgang på 2 481 saker samanlikna med året før. Noko kan nok forklarast med koronapandemien som truleg har påverka at talet på meldingar til politiet er redusert, og at politiet har måtte tilpassa seg nye måtar å jobba på. Det har i 2020 vore brukt meir ressursar til avvikling av hovudforhandlingar enn normalt, dei mindre alvorlege meldingane til politiet er færre. Dette er saker som blir avgjort utan særleg ressursbruk og dessutan har talet på prioriterte saker og talet på gamle saker som ikkje er påtaleavgjort har blitt færre.		
Av desse oppklara saker		15 732	15 468	16 137	13 997	13 229			
<b>Oppklaringsprosent</b>		51,50	53,20	53,80	50,70	51,90	Oppklaringsprosenten viser tilhøvet mellom talet på saker som er avgjort med ein kode som tel som oppklara, og summen av oppklara og ikkje-oppklara saker. Tida for påtaleavgjerda blir lagd til grunn når ein skal berekne oppklaringsprosenten i STRASAK. Det er fleire faktorar som spelar inn på oppklaringsprosenten. Kriminalitetsbiletet har blitt meir komplisert, og politiet bruker meir tid på fleire alvorlege saker. Dermed blir det mindre tid til å granske dei mindre alvorlege sakene. I tillegg har den generelle kriminaliteten blitt meir internasjonalt og samansett dei siste åra. Oppklaringsprosenten har hatt ei positiv utvikling det siste året med 51,90% mot 50,70% i 2019. Oppklaringsprosenten i Vest politidistrikt er noko høgare enn landsgjennomsnittet.		
<b>Sakshandsamingstid</b>		130	125	129	102	111	Sakshandsamingstida til politiet blir rekna frå melding blir registrert i STRASAK, til det ligg føre ei påtaleavgjerd. I det følgjande beskriv vi sakshandsamingstida på oppklara lovbrota, det vil seie saker som har fått ei positiv påtaleavgjerd eller er lagde bort med ein kode som tel som oppklara. Tala viser gjennomsnittleg sakshandsamingstid i dagar. Gjennomsnittleg tok det 111 dagar å sakshandsame dei oppklara lovbrota i 2020, noko som er 9 dagar meir enn i 2019.		
<b>Restansar</b>									
<b>Ikkje påtaleavgjorde saker eldre enn 3 mnd</b>		5 373	5 289	3 183	3 804	2 706	Saker som er eldre enn tre månader omtalast som restansar. For politiet er det viktig at det er ein balanse mellom innkomne (registrerte) og utgåande (ferdig handsama) saker. Om det kjem inn fleire saker enn det som blir gjort ferdig, blir det ei oppsamling av saker hos dei ulike sakshandsamarane. Det fører til at framdrifta i kvar enkelt sak blir meir oppstykk, granskning og påtalehandsaminga blir mindre effektiv, og det totale straffesaksproduktet får dårlegare kvalitet. Den generelle restansesituasjonen har isolert sett vore politidistriktet si største utfordring i straffesakshandsaminga dei siste åra. Eit restanseprosjekt blei starta opp i juni 2018, og med svært gode resultat har ein difor vidareført restanseprosjektet også gjennom 2019. Det har vidare i 2020 vore jobba målretta for å få kontroll på restansesituasjonen. I 2020 er talet på restansar (saker eldre enn 3 mnd) som ikkje er påtaleavgjorde nede i 2 706 saker, mot 3 804 i 2019. Dette er ein nedgang på heile 29%.		
<b>Operativ innsats</b>		<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>			
<b>Aksesstid</b>	95,0 %					97,86 %	Aksesstida måler kor mange samtalar på 112 som er svart på innanfor fristen (20 sekund). Kravet til aksesstid er at ein skal svara minst 95% av alle 112-samtalar innan fristen på 20 sekund. Operasjonssentralen har svart på 97,86% av alle naudsamtalane innan tidskravet som POD har satt.		
<b>Operasjonssentralen/Lokal redningsentral (LRS)</b>					78 218	77 523	Operasjonssentralen i Bergen har hatt ein svak nedgang i antall anrop på 112 i 2020. I 2019 var det 78 218 anrop på 112, medan det i 2020 var 77 523 anrop på 112. Når det gjeld tal på anrop på 02800 er det registrert ein auke frå 134 030 i 2019 til 138 229 i 2020.		
<b>Væpna oppdrag</b>				716	1 012	1 108	I Vest politidistrikt sin vaktjournal vart det registrert 1 108 væpna oppdrag i 2020. Dette er ein auke på 96 frå 2019. Dette inneber ikkje at alle var oppdrag kor politiet rykte ut til skarpe situasjonar. Tala inkluderer òg oppdrag kor politiet etter ei vurdering vel å væpna seg for eigen eller andre sin sikkerheit i samband med planlagde pågripingar, ransakingar og liknande. Om lag 6,3% av oppdragene var forhåndsplanlagt. 39,3% av væpna oppdrag i 2020 var oppdrag kor politiet rykte ut til skarpe situasjonar. Det er flest væpna oppdrag i tidsrommet fredag kveld og natt til søndag.		
<b>Redningsoppdrag</b>		346	355	388	364	502	Politiet sin innsats i redningsoppdrag opptek mykje ressursar. Det er i Vest politidistrikt registrert 502 redningsoppdrag i 2020, 138 fleire oppdrag enn året før. Det er berre Sør-Øst politidistrikt med 543 som har fleire redningsoppdrag i 2020. Samanlikna med tal på oppdrag i perioden 2016 - 2019 har det aldri vore registrert fleire redningsoppdrag i Vest politidistrikt enn i 2020. Det er oppdrag innnan kategoriane assistanse person og søk etter savna person, som begge utgjer 180 oppdrag kvar og samla 360 oppdrag som utgjer dei fleste oppdraga. Politiet ser og ein auke i hendingar der ekstremvær og varslar om slikt vær utfordrar vår tenking omkring beredskap. Det er meir fokus på beredskap knytt til ekstremvær, og vi ser også fleire alvorlege tilfelle av flom og ras som følgje av slikt vær. Ikkje alle redningsoppdrag krev like mykje politiressursar. Ein del blir løyst på operasjonssentralen (LRS), anten ved å gje råd til meldar eller ved å vidareformidle meldingar til andre naudetater eller frivillige organisasjonar. Nokre oppdrag blir løyst av den/dei fyrste politipatruljen som kjem til staden, mens andre krev større innsats. Fjelloppdraga kan vere personar som har gått seg vill eller har skada seg og er i eit utilgjengeleg terreng. Redningsoppdraga kan vere krevjande og krev personell med særskild kompetanse. Både fjellklatring, basehopping og andre risikofylte friluftaktiviteter og det faktum at mange fleire turistar som nyttar norsk natur overvurderer eiga evne og krefter gjer redningsarbeide meir krevjande. I 2020 har det ikkje vore mange turistar, men mange nordmenn som ikkje har vore særleg mykje ute i naturen tidlegare som har utløynt redningsoppdraga. Vi ser ein topp i tal på redningsoppdrag i juli månad med heile 45 registrerte oppdrag. Det er og grunn til å nemna at det også innan redningsoppdraga er ei kraftig auke der oppdraget gjeld person som treng naudsynt psykiatrisk behandling.		
<b>Politibåten</b>					643	820	Politibåten er innlemma i Vest politidistrikts beredskapsplan, for å kunne mellom anna flytte mannskap/ressursar der det er behov. Båten har transportert innsatsleiarar, hundeførarar og mannskap frå utrykkingseininga til fleire stader i distriktet. Det var i 2020 ei kraftig auke i den generelle aktiviteten på sjø og 820 båtførarar vart kontrollert i løpet av året. Dette er ein auke på 177 frå 2019. Det vart oppretta 28 meldingar, av dei 19 for køyring i ruspåverka tilstand. Det vart utskreva 52 forenkla førelegg. Det er også registrert ein aukande trend med regelbrot knytt til bruk av vannscooter.		
<b>Forvaltning</b>		<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>			
<b>Pass og førarkort</b>									
Utskrivne pass		78 876	82 844	78 487	81 522	61 574	I 2020 har det vært ein kraftig reduksjon i etterspurnaden etter reisedokument grunna COVID-19. Den 30. november 2020 blei det lansert Nasjonale ID-kort i Noreg. Innføringa av nye pass i oktober og nye nasjonale ID-kort i november gjer politiet betre moglegheiter til sikker utsteding av ID-dokumenter. Dei nye dokumenta er viktig i arbeidet med å forebygge mot ID-misbruk og annan alvorleg kriminalitet som eksempelvis arbeidslivskriminalitet, menneskehandel og terror. I årets siste månad blei det utstedt 1 574 nasjonale id-kort i Vest politidistrikt.		
Utskrivne Nasjonale ID-kort						1 574			

Kapittel 4. FC	Bekymringsmeldingar førarkort		498	451	460	360	487	Vegtrafikklova § 34 gjev politiet rett til å tilbakekalle førarkort dersom det er rimeleg grunn til å tru at innehavar av førarkortet ikkje lenger fyller vilkåra for å inneha førarkort. Årsaka til at ein ikkje lenger fyller vilkåra kan vere relatert til helse, misbruk av alkohol eller andre rusande eller bedøvande middel, eller at innehavar ikkje lenger har dei nødvendige kunnskapar eller køyreferdigheiter som ein krev for å ferdast trygt i trafikken. Forvaltningsseksjonen i politidistriktet mottek gjennom heile året bekymringsmeldingar kor det meldast frå om personar som ein meiner ikkje lenger oppfyller vilkåra for å inneha førarkort. Det har vore ein relativ stor auke i talet på bekymringsmeldingar i politidistriktet for 2020 samanlikna med 2019.	
	Utlendingsforvaltning	200	305	293	256	224	243	I den operative delen av utlendingsforvaltninga har Vest politidistrikt i 2020 stått for 243 uttransportar av personar utan lovleg opphald i Noreg, fordelt på 51 ulike nasjonalitetar.	
Kapittel 5. Sivil rettspleie	<b>Sivil rettspleie</b>		<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>		
	Andel restanser i sivil rettspleie	40,0 %					60,54 %	Samla kom det inn 61 750 saker innan sivil rettspleie i 2020, mot 65 483 i 2019. Med andre ord ein nedgang i den totale saksmengda. Saksnivå 2020 er tilbake på nivå med 2017.	
	Saksbehandlingstid gjeldsordning	90 dagar					351 dagar	Kravsmål om utlegg, der personar eller verksemdar skuldar pengar er størst i volum. 2019 var talet på kravsmål om utlegg 45 569. I 2020 erfarer distriktet ein liten nedgang til 46079 og den voldsame veksten vi har sett i mange år har truleg kulminert. Vi er uroa for 2021 på bakgrunn av korona og kva permittering og oppseiingar gjer med den alminnelege betalingsevna både hos private og næringsdrivande. Januar 2021 erfarer vi ein vekst i kravsmål om utlegg på 32% i fht januar 2020.	
	Saksbehandlingstid forlik	90 dagar					86 dagar	Privatpersonar kan få gjeldsordning med kreditorane sine dersom gjelda er så stor at dei er varig ute av stand til å betala gjelda si. Talet på søknader har auka sterkt frå 503 i 2017, 526 i 2018 til 714 i 2019. I 2020 ser vi også innan gjeldsordning ein nedgang frå 2019. I 2020 har vi motteke 503 søknader om gjeldsordning. Kva denne nedgang skyldas er vi per nå usikker på.	
	Saksbehandlingstid utlegg	60 dagar					159 dagar	Andre saker som utkastelser (fråviking), tvangssal av lausøyre, tvangsdekning av bankinnskott og verdipapir, utlevering og tilbakelevering av ubetalte gjenstandar (mest bilar) har halde seg stabilt dei siste åra. Frå 2019 til 2020 har vi erfart ein liten nedgang på ca 10%.	
	Antall saker				68 783	65 483	61 750	Talet på forliksklager til forliksråda hadde i 2019 ein auke på over 10% i 2019 etter å ha vært stabilt i fleire år. I 2020 ser vi ein nedgang i talet på forliksklager frå 8 702 i 2019 til 7880 i 2020.	
Kapittel 6. Trafikk	<b>Trafikk</b>		<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>		
	Tal på omkomne i trafikken		10	13	16	10	7	I 2020 omkom 7 personar i trafikken i Vest politidistrikt, og er det laveste talet i perioden 2016-2020. Dei omkomne er alle menn. Den yngste var 21 år medan den eldste var 83 år.	
	Ruskjøring				916	826	710	Det har vore ein nedgang i talet på saker som gjeld kjøring i påverka tilstand det siste året. I 2020 blei det registrert 710 saker, mot 826 i 2019. Nedgang i talet på registrerte saker som gjeld kjøring i påverka tilstand kan forklarast med at det på grunn av smittesituasjonen ikkje har vore mogeleg å gjennomføra mengdekontrollar opp mot ruskjøring. Det er berre førarar der det har vore mistanke om ruskjøring som er testa.	

NB! Talmateriale på kriminalitetsutviklinga og straffesakshandsaminga er basert på politiet sitt straffesakssystem STRASAK. Statistikken må reknast som ein intern driftsstatistikk for politiet og bør ikkje leseast som den offisielle kriminalitetsstatistikken, som blir gitt ut av Statistisk sentralbyrå (SSB). Rapporten gjev oss eit bilete av den kjende kriminaliteten, det vil seie den kriminaliteten som blir meld til politiet.

# OMTALE AV PRIORITERTE RESULTATOMRÅDA 2020, VEST PD

## Mål og resultatforventninger for 2020, Vest politidistrikt

Prioriterte tiltak i hht strategiske mål og styringsparametre	Omtale av status/resultat	Vurdering av etterleving
<b>1. Vald og seksuelle overgrep mot barn- og særlige sårbare grupper</b>	<p>For og redusere risiko for vald og seksuallovbrot i Vest politidistrikt, har vi i 2020 hatt fokus på utvikling- og forbedring av både interne og eksterne samhandlingsformar og nye arbeidsmetodar. Dei nye samhandlingsformane og arbeidsmetodane har ei helhetlig tilnærming med fokus på førebygging av vald og seksuallovbrot.</p> <p>Arbeide har gjennom 2020 blitt operasjonalisert gjennom tiltak/aktivitetar på bakgrunn av informasjon som enten er meld eller innhenta av politiet. Det har i den samheng vært nytta prosjekt som arbeidsform. Prosjektdeltakarane har hatt ulik kompetanse og knytning til ulike fagmiljø, noko som har krevd samarbeid på tvers. Av tiltak/aktivitetar har det bl.a. vært gjennomført samtalar og annan kontakt opp mot personar det har vært knytta bekymring kring. Samtalar har i fleire tilfelle forhindra lovbrøt. Vi har og eksempel på at personar som treng oppfølging av anna spesialist tjeneste, har fått hjelp og lovbrøt er forhindra.</p> <p>Politets Nettpatrulje Vest er med det ein av våre mest verknadsfulle verktyg i det førebyggjande arbeid også innan vald og seksuallovbrudd. Fordelen med aktiv bruk av SoMe er at ein kan nå mange med same budskap. Politets nettpatrulje Vest, både på FB, Insta, og på TikTok. I februar og mars, 2020 blei det posta innhald om vald og overgrep som nådde ut over 1,8 millioner ganger. Nettpatruljen hadde og særskilt fokus på vald og seksuallovbrudd i mai med ekstra fokus på deling av nakenbilder. Nettpatruljen har og blitt brukt aktivt til og formidla informasjon i forbindelse med korona. Eksempel her er: Vald i nære relasjonar og ei auka bekymring for at fleire opplever vald i nære relasjonar under pandemien og ved nedstenging av samfunnet. Det har også vært jobba tett saman med flere samarbeidspartnarar som Statens barnehus, kommunane, integrerings- og mangfolds-direktoratet, NrkSuper, Støttesenteret for Kriminalitetsutsettete etc.</p> <p>Vi har i dag god kunnskap og fenomenforståing innan partnervold, vald i nære relasjonar trusselutsette og bruk av omvendt voldsalarm. Det vil i 2021 bli arbeid med og dela denne kunnskapen i heile organisasjonen. Det vil også bli arbeid med korleis politiet kan bli enda betre på kunnskapsbasert førebygging av seksuelle overgrep og vald, særleg retta mot barn og unge.</p> <p>Det har i 2020 vært lagt ned eit betydeleg arbeid av svært mange for å førebygga og redusere risikoen for at nokon skal bli utsett for vald og seksuallovbrot, eit arbeid vi meiner har gjeve gode resultat. Fokus på arbeide med å redusere risiko gjennom førebygging av vald og seksuallovbrot vil bli vidareført i 2021.</p>	
<b>2. Barne- og ungdomskriminalitet</b>	<p>Vest politidistrikt og i alle dei geografiske driftseiningane har det i 2020 vore særskilt fokus på utfordringar knytt til kriminalitet utøvd av ungdom og unge voksne. Ungdomsmiljø er nokså lik uavhengig av kvar i politidistriktet ein bur, men det er ein høgare førekomst av ungdom knytt til kriminalitet i sentrumssona i Bergen enn ellers i politidistriktet.</p> <p>KUBA rapportane i dei geografiske einingane har vært grunnlaget for operasjonalisering av arbeidet, som i stor grad har skjedd gjennom tiltak/aktivitetar på bakgrunn av informasjon som enten er meld eller innhenta av politiet.</p> <p>Vi har i 2020 sett eit auka konfliktnivå i ungdomsmiljøa. Uønska og tidvis framvekst av kriminell atferd hos ungdomar som auka bruk av alkohol, narkotika og andre legemiddel, tjuveri, vald og truslar, samt bæring og bruk av kniv/våpen og planlagte slåsskampar berre for å nemna nokon av utfordringane. Av tiltak/aktivitetar har det mellom anna vore gjennomført samtalar og annan kontakt opp mot personar det har vore knytta bekymring kring. Samtalar har i fleire tilfelle forhindra fortsatt negativ utvikling av atferd og lovbrøt. Vi har og eksempel på at personar som treng oppfølging av anna spesialistteneste, har fått hjelp der.</p> <p>Det har i 2020 vore lagt ned eit betydeleg arbeid av svært mange for å førebygga og redusere risikoen for at ungdom og unge voksne skal utøva kriminalitet, eit arbeid vi meiner har gjeve gode resultat. Fokus på arbeide med å redusere risiko gjennom førebygging av barne- og ungdomskriminalitet vil bli vidareført i 2021.</p>	
<b>3. Arbeidsmarknadskriminalitet</b>	<p>Avsnitt for Arbeidsmarknadskriminalitet hos politiet er ein av fleire samarbeidande etatar som utgjer innsatsen i A-krim senteret. Dei andre faste samarbeidspartane ved A-krim senteret er politiet, Skatteetaten, NAV, og Arbeidstilsynet. Politiet handterer hovedtyngden av dei mindre straffesakene som blir produsert i A-krim senteret.</p> <p>Operasjonalisering av arbeidet har i stor grad skjedd gjennom tiltak/aktivitetar på bakgrunn av informasjon som enten er meld eller innhenta av ein eller fleire av dei samarbeidande etatane. Det har vore nytta prosjekt som arbeidsform. Prosjektdeltakarane har hatt ulik kompetanse og knytning til ulike fagmiljø i dei ulike etatane.</p> <p>Det har i 2020 vore gjennomført tiltak gjennom førebygging og kontroll, og resultatene viser mellom anna at sentrale trusselaktørar har fått minka kapasitet og intensjon og utanlandske arbeidstakarar er informert om sine rettigheter og sett i stand til å oppfylle sine plikter. A-krim senteret gjennomførte i 2020 over 30 målretta tilsyn/kontrollar på objekt når det gjelde brudd på permitteringsregelverket. Fokus er framleis brudd på permitteringsregelverket. Fra januar til byrjinga av mars 2020 blei det utført operativt arbeid "som normalt" knytt til tilsyn/kontroll mot bygg privat-/proffmarked og serveringsbransjen.</p> <p>For å lykkest i arbeide med å førebygga og bekjempe arbeidslivskriminalitet, må dei ulike samarbeidande etatane ha eit godt kunnskapsgrunnlag, og ei felles forståing av situasjonsbilete. Det vil derfor i 2021 vere fokus på og vidareutvikla nye kunnskapsprodukt for å sikra beslutningsstøtte og grunnlag for å ta riktige beslutningar om prioritering og tiltak for arbeide i A-krim senteret.</p>	
<b>4. Gjeng- og nettverkskriminalitet</b>	<p>Det har i 2020 vore jobba systematisk og målretta mot etablering av gjeng- og kriminelle nettverk, eit arbeid som vil bli vidare- ført og utvikla i 2021. Vi har arbeid særskilt med og sikra god gjennomføring av tiltak for å hindra gjengdanning og hevdrap. Her har det mellom anna vore viktig at ein har greidd å identifisera eksterne sentrale aktørar, identifisert gjennom tett dialog med Bergensmodellen (bestående av radikaliseringskontakten i politiet, RVTS, Bergen Kommune, Bergen Moske), som har fungert som kulturformidlarar/støttepersonar for ei rekke personar i ulike miljø. Dette må kunne kallast eit vellykka førebyggjande tiltak som formentlig har lagt ein dempar på aktivitet som ellers kunne resultert i ny grov og alvorleg kriminalitet. Ei erfaring vi i Vest politidistrikt vil byggja vidare på.</p> <p>Operasjonalisering av arbeidet har i stor grad skjedd gjennom tiltak og aktivitetar på bakgrunn av informasjon som enten er meld eller innhenta av politiet. Det har vore nytta prosjekt som arbeidsform. Prosjektdeltakarane har hatt ulik kompetanse og knytning til ulike fagmiljø i politiet.</p> <p>Samarbeid mot eksterne aktørar har og hatt stort fokus, og ei rekke tiltak er gjort for å få til eit tett samarbeid og involvera "storsamfunnet".</p> <p>Det vil i 2021 fortsatt vere fokus på god struktur og samhandling. Det vil bli arbeid planmessig og systematisk med å utvikla god samhandling internt og eksternt, samt sikra felles forståing for oppgåva, risiko og innsats mot felles mål å førebygga- og bekjempe etablering av gjeng- og kriminelle nettverk i Vest politidistrikt.</p>	
<b>5. Hatkriminalitet</b>	<p>Gjennom ei rekke handlingsplanar er Regjeringa vore tydeleg på viktigheta av å førebygga og etterforske hatkriminalitet. Handlingsplan mot rasisme og diskriminering på grunn av etnisitet og religion (2020-2023), gir, saman med Handlingsplan mot Antisemittisme (2016-2020), politiet ei rekke oppgåver innan førebygging av hatkriminalitet. Hatkriminalitet er og eit av dei få fagområda som er nevnt spesielt i prioriteringsrundskriv frå Riksadvokaten nr. 1/2020. Riksadvokaten pålegg politiet å prioritera hatkriminalitet uavhengig av alvorlighetsgrad då hatkriminalitet rammar både den fornærma direkte og gruppa den fornærma tilhøyrer indirekte ved å skape frykt (Kripos, 2020). I 2020 har det vore jobba vidare med å utviklinga det gode arbeidet som vart starta i 2019 med at politiet og andre aktørar hadde hatkriminalitet som eit særlig prioritert område. Tal på meldingar på hatkriminalitet i Vest politidistrikt er fortsatt relativt lavt, men med ein sterk aukande trend. Det er og grunn til å tru at mørketala er store. Vi kunne i 2019 ikkje sjå nokon klar årsak, og stilte spørsmål med om det kunne skyldast betre registreringsrutiner, at fleire velger å melde, at den faktiske kriminaliteten går opp, eller ein kombinasjon av desse årsakane. Alle melde hatkriminalitet saker for 2019 blei derfor gjennomlest for å få mer informasjon om straffesakene. Dei funn som blei gjort ved gjennomlesing av sakene er delt i organisasjonen. Det er også gjennomført opplæring og bevisstgjøring av tilsette i Vest politidistrikt på fagfeltet hatkriminalitet. Nettpatruljen har og vore brukt aktivt for å retta fokus på og førebygga hatkriminalitet. Vi ser at sosiale medier inneheld mykje hatprat og stygge kommentarar. Vi har registrert at også barn og unge er svært stygge med kvarandre i kommentarfelt, samt at dei opprettar falske brukarar (spesielt på TikTok) berre for å plage/mobba. Desse profilane er ofte i navnet (eller kan forvekslas med) til personen som dei plager/mobbar. Vi har brukt betydeleg med tid for å avhjelpa/rydda i slike brukarar.</p>	
<b>6. Radikalisering</b>	<p>Politiet skal handtera- og utføra sine oppgåver i hht Regjeringens handlingsplan mot radikalisering og valdeleg ekstremisme. Dette er oppgåver som inneber brei og tverretatleg førebygging. Gjennom etablerte rutinar innan det førebyggjande arbeid mot radikalisering og valdeleg ekstremisme har Vest politidistrikt i 2020 hatt fokus på utvikling- og auka samhandling med både interne og eksterne ressursar. Det er gjennomført jevnlege møte internt- og eksternt for både deling av kunnskap- og auka kunnskapsgrunnlag for å kunne setta i verk førebyggjande- og/eller oppfølgjande tiltak/aktivitetar om det har vore naudsynt. Det er i Vest politidistrikt avdekket at vi har personar med sårbarheitsfaktorar for å bli radikaliseret, dette gjeld både opp mot HX og IX. Det gode tverretatlege samarbeid med bl.a Vestland Fylkeskommune, Bergen kommune, Bergen moske, RVTS Vest og Kriminalomsorgen gjer at vi har kunna jobba for å vere i forkant og gjera førebyggjande- og/eller oppfølgjande tiltak/aktivitetar tiltak mot personar med sårbarheitsfaktorar på eit så tidleg tidspunkt at ein har klart å redusere sjansen for radikalisering. Av erfaring ser vi at uønska hendingar likevel skjer, noko vi ikkje kan beskytta oss 100% mot.</p> <p>Operasjonalisering av arbeide har i stor grad skjedd gjennom tiltak/aktivitetar på bakgrunn av informasjon som enten er meld eller innhenta av politiet. Det har vore nytta prosjekt som arbeidsform. Prosjektdeltakarane har hatt ulik kompetanse og knytning til ulike fagmiljø i politiet.</p> <p>Det har i 2020 vore lagt ned eit betydeleg arbeid av svært mange for å førebygga og redusere risikoen for at nokon skal bli radikaliseret, eit arbeid vi meiner har gjeve gode resultat.</p> <p>Handlingsplan mot radikalisering til valdeleg ekstremisme, Vest politidistrikt vil bli ferdigstilt i løpet av januar 2021. Handlingsplanen omhandlar også temaet hatkriminalitet. For auka tillit mellom politi og befolkninga vil det i 2021 vere særskilt fokus på deling av kunnskap om lovverk og subjektive vilkår straffeloven sett for å kunne seie at det er eit lovbrøt eller eit forsøk på lovbrøt. Det vil bli prioritert å dela kunnskap mot miljø med både risiko og sårbarhet for radikalisering.</p>	

FOKUSOMRÅDA 2020

"Online space" - det digitale rom (sosiale medier, spill m.m.) er ein drivar for auka og endra handlingsrom- /handling/åtferd innan alle fokusområder